



DEN NORSKE KYRKJA

Fitjar sokn

Møteinnkalling

Utval: Fitjar sokneråd

Møtestad: Peralø i Vik

Dato: Måndag 3. desember 2018

Tid: Kl. 18.30

Forfall må meldast til kyrkjeverje Harald Rydland på e-post eller tlf. 913 47 802.

Peder Rygg Drønen møter som fast vara. Andre varamedlemer møter kun etter særskild innkalling.

Innkallinga er sendt til:

Namn	Funksjon
Sigrid Marie Fangel	Leiar
Gunnvald Aarbø	Nestleiar
Helga Olsen Aadland	Medlem
Terje Havro	Medlem
Mette E. Lambach	Medlem
Bodil Nesse	Medlem
Rasmus Fitjar	Medlem N.B. Ord for dagen
Sindre Aarbø	Medlem
Roald Drønen	Sokneprest
Sigurd Andre` Maraas	Kommunal representant
Peder Rygg Drønen	1. varamedlem
Arne Prestbø	2. varamedlem
Solbjørg Larsen Tverderøy	3. varamedlem
Tove Helen Løland Aarskog	4. varamedlem
Åse Rygg H. Nøttveit	5. varamedlem
Svein Arne Theodorsen	Vara for soknepresten
Agnar Aarskog	Vara for kommunal representant

Fitjar, 28. november -2018

Sigrid Marie Fangel

Harald Rydland

Soknerådsleiar

Kyrkjeverje

Sakliste:

Saksnr. Tittel

Sak for kommunal representant

S-58/18	Nominasjonskomite for kyrkjevalet 2019
S-59/18	Gudstenesteliste for første halvår 2019
S-60/18	Offerliste for første halvår 2019
S-61/18	Arrangement i kyrkja sin regi
S-62/18	Val av leiar m.m.
S-63/18	Referat frå sist møte
S-64/18	Meldingssaker
S-65/18	Open post



Sak 58/18: Nominasjonskomite for kyrkjevalet 2019

Kyrkjevalet for 2019 skal haldast den 9. september. Før den tid har soknerådet ansvar for å leggja til rette for at valet kan gå føre seg i tråd med reglane som kyrkjemøte fastsette i 2018. Det første som må på plass er ein nominasjonskomite som skal komma med liste over kandidatar til soknerådet.

Sidan førre møte har medlemmer frå soknerådet spurt etter kandidatar til å vera med i nominasjonskomiteen.

Desse har svar ja til å vera med:

Gro Rydland, Nils Ingmar Hageberg, Solfrid Sandvik, Terje Havro og Vigdis Aarre Olsen.

Framlegg til vedtak:

Fitjar sokneråd oppnemner desse personane til å vera med i nominasjonskomiteen for soknerådsvalet 2019:

- ✓ Gro Rydland
- ✓ Nils Ingmar Hageberg
- ✓ Solfrid Sandvik
- ✓ Terje Havro
- ✓ Vigdis Aarre Olsen

Kyrkjevjerja kallar, i samråd med soknerådsleiar, inn til første møte. Komiteen konstituerer seg sjølv.

Sak 59/18: Gudstenesteliste for første halvår 2019

Soknepresten er no klar med gudstenesteliste for første halvår 2019. Nærare informasjon om gudstenestene som er planlagde vert lagt fram i møte. Lista er å finna som vedlegg til innkallinga.

Framlegg til vedtak:

Soknerådet sluttar seg til planen for gudstenestene første halvår 2019 slik den ligg føre.

Sak 60/18: Offerliste for første halvår 2019

Soknepresten har sett opp offerliste for første halvår 2019. Nærare informasjon vert lagt fram i møte. Lista er å finna som vedlegg til innkallinga.

Framlegg til vedtak:

Soknerådet sluttar seg til offerlista for første halvår 2019 slik den ligg føre. Ordninga med at 10 % av offeret til utanforståande organisasjonar går til lokalt kyrkjelydsarbeid, held fram.

Sak 61/18: Arrangement i kyrkja sin regi

Sidan sist møte har det vorte halde fleire arrangement i kyrkja sin regi, slik som diakonimiddag, lysmesse, konfirmantsamlingar m.m. Det kan vera greitt om soknerådet tek ei lett evaluering av desse arrangementa. Framfor oss ligg det julekonsertar, barnehage- og skulegudstenester, julegudstenester m.m. Soknerådet bør sjå til at planlegging og gjennomføring er sikra på ein god måte.

Framlegg til vedtak:

Det vert ikkje lagt fram tilråding i saka



Sak 62/18: Val av leiar m.m.

Soknerådet skal velja leiar og nestleiar for eitt år om gangen. Her hos oss har det vore vanleg å velja sekretær for rådet og for eitt år om gangen.

Sidan leiarvervet fører med seg mykje ansvar og mange ulike oppgåver, kan det vera hensiktsmessig at leiar og nestleiar vert samde om ei arbeidfordeling om kven som skal følgja opp dei ulike sakene. I så fall bør det og betalast leiargodtgjerdsle i tråd med dette.

Kyrkjeverja legg seg ikkje opp i kven soknerådet vel i desse verva. For ordens skuld kan det likevel vera greitt for medlemmane i rådet å vita korleis dei som har verva i dag stiller seg til attval.

Leiar Sigrid Fangel seier ja til attval dersom soknerådet måtte ynskja det, nestleiar Gunvald Aarbø tek ikkje attval, medan Bodil Nesse kan ta på seg å vera skrivar eitt år til.

Framlegg til vedtak:

Soknerådet vel desse til ulike verv i rådet for 2019:

Leiar: _____

Nestleiar: _____

Sekretær: _____

Alle vala var samrøystes.

Honorar for verva vert å komma tilbake til når detaljbudsjettet for 2019 skal setjast opp over nyttår.

Sak 63/18: Referat frå sist møte

Referatet frå møte den 18. oktober 2018 har medlemmene fått tilsendt og godkjent tidlegare. Referatet er lagt ut på heimesida til Fitjar kyrkje.

Framlegg til vedtak:

Soknerådet stadfester referatet frå møte den 18. oktober 2018.

Sak 64/18: Meldingssaker

I møtet vil det bli orientert om desse sakene:

1. Arbeidet med kyrkjestova
2. Høyring om ny kyrkjeordning:
<https://kirken.no/nb-NO/om-kirken/aktuelt/horing-om-kirkeordningen/>
3. KRIK og Ten-Treff
4. Rekneskap for januar - oktober

Framlegg til vedtak:

Soknerådet tek meldingane til orientering

Sak 65/18: Open post